



Midt-Norsk Havbruk AS

Att:

Nyvegen 20

7900 RØRVIK

## **Pålegg om miljøovervaking og uttak av rømt oppdrettslaks i vassdrag etter rømmingshending ved Midt-Norsk Havbruk AS sin lokalitet 34018 Dolma N i Trøndelag - org nr 963867212**

Vi visar til skriftleg varsel frå oss 13. september 2021. Fiskeridirektoratet har ikkje fått innspel frå Midt-Norsk Havbruk AS til varselet.

Med heimel i akvakulturlova § § 10 og 11, vert Midt-Norsk Havbruk AS pålagd å gjennomføre overvaking av rømt oppdrettslaks i 16 vassdrag i 2021 og 8 vassdrag i 2022. Med heimel i akvakulturdriftsforskrifta § 39, andre ledd, blir Midt-Norsk Havbruk AS pålagt å utvide gjenfangsten etter rømminga på lokalitet Dolma N. Pålegget gjeld for 2021 og 2022 i dei same vassdraga, dersom overvakinga visar at det er rømt oppdrettslaks av aktuell storleik til stade og det er praktisk mogleg å utføre gjenfangst.

### **Bakgrunn**

Vi visar til rømmingshending meldt 26. august 2021 ved Midt-Norsk AS Havbruk sin lokalitet 34018 Dolma N i Trøndelag. Det var oppdaga ein større skade på ei not i anlegget etter uvør. Skaden/holet er i rømmingsmeldinga oppgitt å vere 6 m lang, men skal kontrollmålast. Tal frå selskapet etter utslakt visar at det har rømt i underkant av 39 000 fisk frå merda.

Selskapet fekk pålegg frå Fiskeridirektoratet om å drive gjenfangstfiske i eit utvida område, og dette vart utført med innleigde farty. Dette fisket er no avslutta etter at fangstane avtok. I tillegg har Statsforvaltarane i Trøndelag og Nordland gjeve selskapet dispensasjon for gjenfangstfiske med påmelding i fleire kommunar. Midt-Norsk Havbruk har oppretta mottaksstasjonar, og har annonsert at dei vil betale ut dusør for oppdrettslaks som vert fanga i dette fisket. Per 20. september har Midt-Norsk Havbruk meldt inn ein samla gjenfangst på 10 000 oppdrettslaks til Fiskeridirektoratet.

I tillegg til fangstane som er registrert av selskapet, har direktoratet fått inn om lag 20 tips frå yrkesfiskarar og private som har fanga oppdrettslaks i området. Tipsene dreier seg om alt frå observasjonar av stimar av oppdrettslaks til fangstar på meir enn 10 fisk.

## Rettsleg grunnlag

Akvakulturlova § 10. *Miljønorm* fastset følgjande:

*Akvakultur skal etableres, drives og avvikles på en miljømessig forsvarlig måte.*

*Departementet kan i enkeltvedtak eller forskrift gi nærmere bestemmelser for å sikre miljømessig forsvarlig akvakultur, herunder stille krav til forebyggende tiltak, krav om merking av akvatiske organismer, bruk av akvatiske organismer som ikke kan formere seg og bruk av fremmede organismer.*

Akvakulturlova § 11. *Miljøovervåking* fastset vidare:

*Departementet kan i enkeltvedtak eller forskrift kreve at den som har eller søker om akvakulturtillatelse skal foreta eller bekoste nødvendige miljøundersøkelser for å dokumentere miljøtilstanden innenfor lokalitetens influensområde ved etablering, drift og avvikling av akvakultur.*

*Miljøundersøkelser etter denne bestemmelsen kan blant annet omfatte undersøkelser for å klarlegge om og hvordan akvakulturvirksomheten forårsaker, har forårsaket eller kan forårsake påvirkning på miljøet.*

*Departementet kan gi forskrift om gebyr og avgift for gjennomføring av miljøundersøkelser i regi av det offentlige. Skyldig gebyr og avgift er tvangsgrunnlag for utlegg.*

Plikta til gjenfangst er regulert i § 13 i akvakulturlova, samt akvakulturdriftsforskrifta § 39. *Gjenfangst etter rømt fisk:*

*Det skal straks foretas gjenfangst av fisk som er rømt. Gjenfangstplikten begrenses til sjøområdet inntil 500 meter fra anlegget og opphører når det er åpenbart at den rømte fisken ikke lenger befinner seg i dette området. Avstanden måles fra en rett linje trukket mellom anleggets faktiske ytterpunkt i overflaten.*

*Dersom mulighetene for å få gjenfanget rømt fisk tilsier det, kan Fiskeridirektoratets regionkontor i samråd med Statforvalterens miljøvernavdeling utvide eller innskrenke gjenfangstpliktens omfang i tid og geografisk utstrekning.*

*Både oppstart og avslutning av gjenfangstfiske må meldes til Fiskeridirektoratets regionkontor og Statforvalterens miljøvernavdeling.*

*Det foreligger plikt til å ta imot egen fisk som lovlig blir fisket av andre i et område definert av Fiskeridirektoratets regionkontor i samråd med Statforvalterens miljøvernavdeling.*



*Fiskeridirektoratets regionkontor kan fritta for gjenfangstplikten ved rømt villfanget marin fisk og rømt settefisk.*

Akvakulturlova § 24. *Opplysnings- og undersøkelsesplikt seier:*

*Etter pålegg fra tildelings- og tilsynsmyndigheten plikter enhver som søker om eller driver aktiviteter som omfattes av denne lov, å gi opplysninger, dokumenter, prøvemateriale eller annet materiale som er nødvendig for at tildelings- og tilsynsmyndigheten skal kunne utføre sine oppgaver etter loven.*

*Etter pålegg fra tildelings- og tilsynsmyndigheten plikter enhver som søker om eller driver aktiviteter som omfattes av denne lov å gjennomføre undersøkelser som er nødvendige for at tildelings- og tilsynsmyndigheten skal kunne utføre sine oppgaver etter loven.*

*Departementet kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om opplysnings- og undersøkelsesplikten i første og annet ledd, herunder om at pliktene skal utføres jevnlig.*

*Departementet kan i forskrift gi bestemmelser om at den som driver aktiviteter som omfattes av denne lov, skal ha og bruke utstyr og programvare med bestemt funksjon for rapportering etter denne bestemmelsen.*

### **Fiskeridirektoratet si vurdering**

Rømt oppdrettslaks kan ved kjønnsmodning vandre opp i vassdrag og gyte saman med vill laks. Dette bidreg til å redusere det genetiske særpreget og den tilpassing som lokale laksebestandar har til sitt vassdrag<sup>1</sup>. Den genetiske statusen er vurdert i 239 ville laksebestandar etter kvalitetsnorm for villaks. Av desse er det påvist moderate eller store genetiske endringar i meir enn ein tredel av bestandane<sup>2</sup>. I tillegg til genetisk innblanding er det òg knytt bekymring til mogleg spreieing av sjukdomar og parasittar frå oppdrett til ville bestandar.

Det ligg fleire vassdrag med laksebestandar som er aktuell å overvake i området, både nord i Trøndelag og sør i Nordland fylke. Den nasjonale laksefjorden, Namsfjorden, ligg om lag 6 mil sør for rømmingslokaliteten. I nordleg retning er den næraste nasjonale laksefjorden Vefsna, om lag 11 mil frå lokaliteten. Bestandene i dei nasjonale laksevassdraga som er tilknytta laksefjordene skal ha særskilt vern<sup>3</sup>. I området finn ein fleire laksebestandar av ulik storleik og bestandstilstand<sup>45</sup>. Vefsna, Hestdalselva og Halsanelva er under reetablering etter gyro-behandling. I Namsen, Salvassdraget, Åbjøra, Fusta og Vefsna er det påvist moderate eller store genetiske endringar.

I samband med revisjon av akvakulturlova i 2013 har myndigheitene fått moglegheit til å pålegge undersøkingar av områder som kan bli påverka av rømming. Endringane i lova

---

<sup>1</sup> Grefsrud mfl. 2018. Risikorapport norsk fiskeoppdrett 2021 - kunnskapsstatus. Rapport fra havforskningen 2021-7.

<sup>2</sup> Genetisk påvirkning av rømt oppdrettslaks på ville laksebestander – oppdatert status 2020. NINA Rapport 1926.

<sup>3</sup> Forskrift om beskyttelse av laksebestander. [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no)

<sup>4</sup> [www.vitenskapsradet.no](http://www.vitenskapsradet.no)

<sup>5</sup> [www.lakseregisteret.fylkesmannen.no](http://www.lakseregisteret.fylkesmannen.no)



vektlegg at «forureinar betalar»-prinsippet skal bli praktisert. Av dei reviderte forarbeida, Prop. 103 L (2012-2013), går det fram at:

*Endringene i § 11 vedrørende miljøovervåking innebærer at myndighetene nå kan kreve miljøundersøkelser i et videre omfang enn tidligere, ved at dette kan kreves innenfor lokalitetens influensområde. Med influensområde menes områder som påvirkes av utslipp, rømming m. v. fra akvakulturvirksomheten.*

*Bestemmelsen bygger på samme prinsipp som naturmangfoldloven § 11, der det legges til grunn at kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver. Det følger av Ot. prp. nr. 52 (2008-2009) om lov om forvaltning av naturens mangfold s. 382 at «Kostnader for å hindre eller begrense skade kan også være kostnader ved overvåking av miljøtilstanden der en tilatt virksomhet finner sted og som den kan ha effekt på.*

Fiskeridirektoratet vurderer situasjonen slik at det er naudsynt å overvake fleire elvar i området før gytetida denne hausten. Dersom det blir gjort observasjonar av rømt fisk i den aktuelle storleiken er det òg behov for å ta ut slik fisk frå elvane. Vidare vurderer vi at nokre av dei næraste elvene bør overvakast også hausten 2022. Fiskeridirektoratet har i samband med denne vurderinga hatt dialog med Statforvalterne i Trøndelag og Nordland.

Saka er vurdert etter naturmangfoldlova §§ 8-12 slik det går fram av § 7. Desse heimlane er ikkje sjølvstendige heimlar for vedtak, men retningsliner som skal brukast ved vurderingar etter Fiskeridirektoratet sitt regelverk. Vi ser det slik at vurderingane som er gjort etter vårt sektorregelverk fell saman med vurderingane etter naturmangfoldlova.

Fiskeridirektoratet vurderer kunnskapsgrunnlaget, jf. naturmangfoldlova § 8, som tilstrekkeleg til å sei at det er risiko for negativ påverknad på dei ville anadrome bestandane i området. Vi viser her til argument og referansar i avsnitta over. Tiltak etter føre-var prinsippet, § 9, er dermed ikkje relevant i denne saka. Vidare er vi uroleg for at situasjonen vil bidra til å auke den samla belastninga for desse bestandane, jf. naturmangfoldlova § 10. Tiltakshavar skal etter naturmangfoldlova § 11, og i tråd med vårt vedtak, bere kostnadene med å redusere skade. Fiskeridirektoratet legg til grunn at tiltaka for gjenfangst skal utførast av kvalifisert personell og på ein slik måte at villfisk vert skåna, jf. naturmangfoldlova § 12.

### Varsel

Vi visar til skriftleg varsel frå oss 13. september 2021. Fiskeridirektoratet har ikkje fått innspel frå Midt-Norsk Havbruk AS til varselet.

### Vedtak

Med heimel i akvakulturlova §§ 10 og 11, vert Midt-Norsk Havbruk AS pålagd å gjennomføre overvåking av rømt oppdrettslaks i følgjande vassdrag i 2021 og 2022:

Vassdragsnr	Vassdrag	2021	2022
139.Z	Namsen	X	



138.Z	Årgårdsvassdraget	X	
140.Z	Salvassdraget	X	
141.4Z	Kvistanelva	X	
143.532Z	Horvenelva	X	
143.7Z	Storelva i Lonet*		X
144.4Z	Terråk	X	X
144.Z	Åbjøra	X	X
144.5Z	Urvollvassdraget	X	X
144.61Z	Bogelva	X	X
144.7Z	Storelva, Tosbotn	X	X
145.2Z	Eidevassdraget	X	X
148.Z	Lomselva	X	X
149.61Z	Hestdalselva	X	
149.6Z	Halsanelva	X	
152.Z	Fusta	X	
151Z	Vefsna	X	

\*Fiskeridirektoratet har iverksatt hastetiltak i Storelve i Lonet i 2021.

Overvakinga skal bidra til at det ikkje står fisk frå rømminga på lokalitet Dolma N i nemnde vassdrag under gyteperioda.

Ved observasjon av rømt fisk som med overvekt av sannsyn har rømt frå lokalitet Dolma, skal det umiddelbart gjerast ei vurdering av utfiskingstiltak. **Med heimel i akvakulturdriftsforskrifta § 39, andre ledd, blir Midt-Norsk Havbruk AS pålagt å utvide gjenfangsten etter rømminga på lokalitet Dolma N. Pålegget gjeld for 2021 og 2022 i dei vassdraga som er nemt over, dersom overvakinga visar at det er rømt oppdrettslaks av aktuell storleik til stade og det er praktisk mogleg å utføre gjenfangst.**

Det skal velgast metodar som er eigna for kvart vassdrag.

Dei nemnde pålegga heng saman på ein slik måte at vi finn det tenleg å sende ut eit samla skriftleg vedtak. Vedtaket vil kunne verte utvida dersom observasjonar av rømt oppdrettslaks tilseier det.

### Meir konkret om pålegga

- Overvaking og tiltak i vassdraga skal utførast av kvalifisert personell og ein profesjonell instans skal vere fagleg ansvarleg.
- **Det skal så raskt som mogleg, og seinast 27. september 2021, utarbeidast ein plan for tiltaka** som skal avklarast med Fiskeridirektoratet før den blir sett i verk. Fiskeridirektoratet har dialog med Statsforvalterne.
- Midt-Norsk Havbruk AS må samordne sin plan med andre planlagte og pågåande aktivitetar i dei ulike vassdraga, til dømes med Oppdrettsnæringens sammenslutning for utfisking av rømt oppdrettsfisk (OURO)
- Det skal hentast inn naudsynte løyve frå Statforvalterne før tiltaka vert sett i verk og ein må syte for god dialog med elveeigarlaga.
- Fiskeridirektoratet og Statforvalterne skal haldast orientert undervegs.



- Det skal takast skjellprøver av rømt oppdrettslaks som vert fanga. Skjella skal lesast av kvalifisert personell for å verifisere om fisken er vill eller oppdrett.
- Det skal utarbeidast ein foreløpig rapport etter første sesong. **Frist for innsending av foreløpig rapport er 15. februar 2022.**
- Det skal utarbeidast ein sluttrapport om overvaking og uttak når tiltaka er avslutta. **Frist for innsending av sluttrapport er 15 . februar 2023.**
- Data frå overvaking og uttak skal også rapporterast til det nasjonale overvåkingsprogrammet for rømt oppdrettslaks.

### Klage

Det kan klagast på vedtaket, sjå vedlagte orientering. Frist for klage er tre veker, jf. forvaltningslova § 29. Nærings- og fiskeridepartementet er klageinstans i denne saka.

I medhald av forvaltningslova § 27 b vert det sett som vilkår for å reise søksmål at ein har nytta klageretten.

Bedrifta har, med heimel i forvaltningslova § 18, rett til å gjere seg kjent med dokument og opplysningar i saka, med dei unntak som følger av forvaltningslova § 19. Bedrifta kan kontakte Fiskeridirektoratet dersom dei ønsker å bruke denne retten.

Med helsing

Britt Leikvoll  
seksjonssjef

Monika Haugland  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*



